



# VALPROGRAM

Gol Senterparti 2023 - 2027



## Innhold

VÅR POLITIKK – For heile Gol.....	2
TRYGGLEIK OG BEREDSKAP.....	2
OPPVEKST OG UTDANNING.....	2
HELSE OG OMSORG.....	3
BULYST – KOM, SJÅ OG BLI.....	3
KULTUR, IDRETT OG FRIVILLIGHEITA .....	4
MILJØ OG NATURRESSURSAR .....	4
LANDBRUK .....	4
NÆRING.....	5
GOL SENTRUM OG FELLES INFRASTRUKTUR .....	5
INTERKOMMUNALT SAMARBEID.....	6



# VÅR POLITIKK – For heile Gol

Det skal vera attraktivt og trygt å bu i Gol heile livet. Me vil arbeide for gode oppvekstvilkår og trygge møtestader for barn og ungdom. Eldre må få bu heime med nødvendig hjelp så lenge dei ynskjer det, og få omsorgsbustad eller sjukeheimplass når dei treng det. Folk må få gode offentlege tenester i nærmiljøet. Kommunen må støtte opp om det allsidige kulturlivet og det frivillige arbeidet som finst i Gol, og medverke til vidareutvikling.

Gol kommune må legge til rette for eit grønt, mangfaldig og framtidretta næringsliv. Det må finnast arbeidsplassar for unge med høgare utdanning. Me må ta godt imot folk som flytter til Gol.

Senterpartiet vil ta vare på og styrke den tilliten me har til kvarandre og til styresmaktene, og arbeide mot sentralisering og overdrive byråkrati. Me er glade for at Buskerud fylke gjenoppstår.

Me ynskjer eit levande og berekraftig landbruk som tek vare på matkulturen vår og kulturlandskapet.

## TRYGGLEIK OG BEREDSKAP

Verda er i endring og mange føler eit auka behov for tryggleik. Endringane viser oss at kommunal beredskap er viktig. Gol kommune må vera klar til å yte i si rolle, både ved lokale hendingar og ved større regionale eller nasjonale krisesituasjonar.

- Behalde gode ambulanse-, brann- og redningstenester
- Auka politinærvær og meir ressursar til narkotikaforebyggande arbeid
- Kommunen må ha beredskapslager av kritisk medisin og utstyr, og må kunne handsame til dømes lengre straumbrot

## OPPVEKST OG UTDANNING

Barnehagane og skulen er viktige i barns liv, og foreldra skal vera trygge på at barna har eit godt tilbod. I Gol har me sett oss som mål at alle elevar skal få utnytta læringspotensialet og talentet sitt, og oppleve trivsel og meistring.

- Me må sikre at me alltid har nok barnehageplassar for å kunne gje tilbod innan 2 månader
- Kombinert bruk av lærebøker og digitale læremidlar. Midlar til kjøp av lærebøker slik at lærarane har eit val mellom læremiddel.
- Meir praktisk undervisning i teoretiske fag
- Få elevar per lærar, og målsetjing om maksimalt 20 elevar i kvar klasse for å auke læringsutbyttet
- Mange nok kvalifiserte lærarar og nok undervisningsressursar til at Gol kjem opp på landsgjennomsnittet på nasjonale prøver
- Auke matpausane for skuleelevane til 30 minutt
- Fremme felles skulemåltid
- Fleire praksisplassar for framandspråklege i samarbeid med næringslivet for å styrke integreringa
- Kveldskurs i norsk for innvandrarar



## HELSE OG OMSORG

Kommunen må vera i stand til å gje gode og effektive helse- og omsorgstenester. Som dei fleste andre kommunar har Gol ei utfordring med å rekruttere fagpersonell. Me ventar å få fleire eldre i kommunen, og me må rekruttere nok personale og finne løysingar slik at dei som treng får omsorg og gode helsetenester.

- Auke innsatsen innan foreldrerettleiing. I eit raskt endrande samfunn kan foreldre trenge å lære meir om grensesetting, haldning til rusmidlar, kosthald, søvn, handtering av «kvardagsproblem» og bygging av samhald blant dei unge
- Vidareutvikle Frisklivsentralen og andre tilbod til dei som ynskjer å endre levevanar og forbetre helsa
- Eigna bu- og oppfølgingstilbod for pasientar med psykiske lidningar
- Alle over 75 år blir kontakta og informerte om kommunale tenester og andre aktuelle tenester
- Nok avlastings- og korttidsplassar, sjukeheimsplassar og omsorgsbustader
- Ta i bruk den tomme avdelinga på Helsetunet
- Auka grunnbemanning og nok tilsette til å gje forsvarlege tenester i omsorgssektoren
- Auka rekruttering av sjuke- og vernepleiarar gjennom rekrutteringstilskot med arbeids- og buplikt
- Oppfordre helsefagarbeidarar til å ta kurs og vidareutdanning for å kunne utføre andre oppgåver, og dermed bøte på bemanningsmangelen
- Fleire praksisplassar for sosialhjelpsmottakarar
- Auka bruk av velferdsteknologi
- Motivere til auka samarbeid mellom frivilligheita og omsorgstenestene

## BULYST – KOM, SJÅ OG BLI

Me må arbeide for at folk synest det er godt å bu i Gol. Folk i alle aldrar må oppleve det slik, og spesielt unge i etableringsfasen. Det er derfor viktig at ungdom som reiser ut for utdanning har eit positivt inntrykk av Gol, slik at dei kan ynskje å flytte tilbake. Likeeins er det viktig at dei som er oppvaksne andre stader finn Gol og Hallingdal attraktivt.

- Me må sikre at me alltid har nok barnehageplassar til å kunne gje tilbod innan 2 månader
- Det må vera eit variert tilbod om utdanning og etterutdanning i Hallingdal slik at dei som ynskjer å bli, kan bli
- Der foreldre har delt foreldreansvar, og dei to foreldra ynskjer ulik tid for barnet i barnehage/SFO, skal dei betale etter faktisk bruk
- Me er positive til bustadbygging i alle grender, og då helst i samla felt
- Kommunen skal handheve bu- og driveplikta slik at me får lys i alle glas
- Næringslivet må vera mangfaldig, og mellom anna ha arbeidsplassar for dei med høgare utdanning, slik at folk opplever Gol som ein god arbeidsmarknad
- Kommunen bør etablere «Prøvebu-leilegheiter» for dei som vurderer å flytte til Gol, og for dei som har fått arbeid, men treng mellombels bustad mens dei leitar etter noko varig
- Støtte fadderordningar for tilflyttarar, slik at dei som ynskjer det, kan koma inn i eit miljø og starte med fritidsaktivitetar



## KULTUR, IDRETT OG FRIVILLIGHEITA

Kultur, idrett og alle dei frivillige laga i Gol er mykje av limet i lokalsamfunnet. Dette skaper bulyst, integrering og tryggleik. Hallingmo og Gol skule gjev gode kår for idrett og kulturskule. Me meiner det er tid for å vidareutvikle samfunnshuset og området rundt til tenlege møtestader og arenaer. Samfunnshuset og området rundt må vera eigna for både uorganiserte ungdomsaktivitetar, frivillige lag, idrett og kultur.

- Auke talet på unge som driv med aktivitetar. Det er mykje godt i at ungdommen møtest, og me må skape trygge alternativ til at dei sit heime
- Skape møtestader for ungdom og arenaer for frivilligheita rundt samfunnshuset
- Støtte frivillige organisasjonar og etablering av kultur-/frivillighetsråd

## MILJØ OG NATURRESSURSAR

Sjølv om Gol kommune kan verke stor, så har me bygt ut og «rørt borti» mykje av arealet vårt. Me må skjømte naturen for framtida, og følge føre-var-prinsippet og dei måla me har sett oss i kommunen sin Naturmangfaldsplan og Energi- og klimaplan.

- Ta vare på natur- og kulturlandskap og biologisk mangfald i framtidige reguleringsprosessar og i dispensasjonssaker
- Kommunen må vera ein pådrivar for auka kunnskap blant grunneigarar om berekraftige driftsmetodar for jord, skog og utmark. Auka kunnskap vil vera med og gje omsynsfull og berekraftig skjøtsel
- Me skal bidra i arbeidet med å redusere utsleppa av klimagassar, og la dette vera med og styre i saker der kommunen kan gjera ein forskjell

## LANDBRUK

Jordbruk og skogbruk er mykje av ryggrada i Gol, og Gol er til dømes ein stor mjølkeprodusent. Pandemi, tørke og ei uroleg verd viser kor viktig lokal matproduksjon er.

- Me må ha eit aktivt og levande landbruk med auka produksjon
- Jordbruket må vera berekraftig og ta vare på matkulturen vår
- Salet av kortreist mat må auke
- Me må legge til rette for at jordbruket skjømter kulturlandskapet ved at husdyr kan beite uhindra i utmark, og ved å halde landskapet i grendene ved lag
- Verne dyrka og dyrkbar mark. Dyrkbar mark er verdifull både i dag og som reserve for framtida.
- Innføre kommunalt dyrkingstilskot. Auka transportkostnader gjer jord nær fjøset meir verdifull, og me vil støtte dyrking og arronderingstiltak som gjev meir effektiv drift
- Ei panteordning for gamle nettinggjerde. Det er mykje netting i og mot utmark som ligg nede og er ein fare for dyr. Me støttar ei ordning som motiverer til å fjerne gamle nettinggjerde



## NÆRING

Gol kommune må legge til rette for eit mangfaldig og framtidsretta næringsliv. Etablerarar og bedriftseigarar må oppfatte Gol som ein god stad å etablere og utvikle bedrifter. Og arbeidstakarane må oppfatte Gol som ein attraktivt og variert jobbmarknad.

- Me må arbeide for å auke mangfaldet i næringslivet og skape fleire grøne arbeidsplassar
- Næringslivet må skape arbeid til ungdom med høgare utdanning, både dei som er oppvaksne i Gol og andre som ynskjer å flytte hit
- Me må sikre eit mangfald i reiselivet for å vera ein attraktiv reiselivskommune. Det er då viktig å prioritere marknadsføring av hotell, utleigesenger/-hytter og aktivitetar i Gol. Saman med dei private hyttene får me då eit mangfald
- Kommunen må sjå langsiktig og arbeide for at arealplanen og reguleringsplanar gjer det mogleg å utvikle nye næringsareal
- Ja til Campus Hallingdal! Me må sikre etableringa og at den gjev lokale ringverknadar og engasjement
- Me må auke talet på statlege arbeidsplassar i Hallingdal. Stat, fylkeskommune og offentlege selskap skal alle utfordrast på at Hallingdal er ein dugande stad

## GOL SENTRUM OG FELLES INFRASTRUKTUR

Det skal vera attraktivt og trygt å bu i Gol heile livet. Sentrum utviklar seg fort, og me må legge til rette for at sentrum kan dekke funksjonane sine både i dag og framover. Me trur sentrum vil vekse mykje i åra som kjem, og det er viktig å vurdere utviklinga regelmessig.

- Utviklinga av sentrum må gje grøne område, trygge leikeareal og leilegheiter for folk i alle aldrar og livssituasjonar
- Me må fokusere meir på eit samanhengande gang- og sykkelvegnett i og rundt Gol sentrum, mellom anna med bruer Glitre-Storøyne og Sentrum-Eidsvalløyne-Glitre. Me må skape gode alternativ til bilen
- Når Smedvegen no blir bygd må me sjå på vidare utvikling av sentrum, mellom anna å utvikle ein akse mellom Helsetunet og Storøyne, og å definere Vesleåne som grense for sentrum og detaljhandel
- Samordning mellom buss og tog kan alltid bli betre, og me må arbeide for å utvikle Gol skysstasjon og Gol stasjon som trafikknutepunkt
- Me må setja krav om trygge skulevegar i heile kommunen, og vera varsame med å bruke økonomi som argument mot å gje tilbod om skuleskyss eller mot å setja i verk trafikktryggleikstiltak
- Tilskot til private vegar må aukast
- Opprustinga av kommunale vegar må fortsette



## **INTERKOMMUNALT SAMARBEID**

Senterpartiet vil ta vare på og styrke den tilliten me har til det offentlege, og arbeide mot sentralisering og overdrive byråkrati. Hallingdal må stå samla og finne felles løysingar når lokale tilbod er truga. Då er fellesløysingar i dalen mykje betre enn eit tilbod i til dømes Drammen.

- Gol kommune må vera ein aktiv deltakar i interkommunale selskap og interkommunalt samarbeid. Gol kommune må medverke til at nytt samarbeid ikkje blir styrt av lokaliseringsdebattar, men søker gode og kostnadseffektive løysingar som gjev gode tenester og attraktive arbeidsplassar
- Me må arbeide for å behalde og utvikle spesialisthelsetenestene og Hallingdal Sjukestugu
- Me bør utvikle ei storlegevaktordning for Gol og nabokommunane som eit tiltak for å sikre legedekning i dalen
- Eventuell kommunesamanslåing skal vera frivilig, og det skal haldast rådgvande folkeavstemming på førehand